



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 921 196 164
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: LL DET NORSKE TEATRET
Forretningsadresse: Kristian IVs gate 8
0164 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Roar Midttun
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 17.04.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 24.05.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Eigne inntekter	1	30 269 000	88 695 000
Tilskot	2	205 087 000	181 009 000
Sum inntekter		235 356 000	269 704 000
Kostnader			
Varekjøp		8 696 000	8 461 000
Kostnad v/arbeidskraft	3	167 872 000	183 449 000
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073 000	1 073 000
Ordinære avskrivningar	6A 6B	18 014 000	17 155 000
Andre driftskostnader	4	36 906 000	58 432 000
KLP pensjon - lukka ordning	10	6 278 000	-19 025 000
Sum kostnader		238 839 000	249 545 000
Driftsresultat		-3 483 000	20 159 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		506 000	745 000
Sum finansinntekter		506 000	745 000
Annan rentekostnad		1 016 000	1 847 000
Sum finanskostnader		1 016 000	1 847 000
Netto finans		-510 000	-1 102 000
Ordinært resultat før skattekostnad		-3 993 000	19 057 000
Skattekostnad	9	429 000	389 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		-4 422 000	18 668 000
Årsresultat		-4 422 000	18 668 000
Overføringer og disponeringar			
Overført til opptent egenkapital	8	-4 422 000	18 668 000
Sum overføringer og disponeringar		-4 422 000	18 668 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	9	1 556 000	1 475 000
Sum immaterielle egedelar		1 556 000	1 475 000
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	11 575 000	12 648 000
Bygninger, tomter	5	9 007 000	9 007 000
Teknisk utstyr, inventar	6A 6B	76 724 000	88 373 000
Sum varige driftsmiddel		97 306 000	110 028 000
Finansielle anleggsmiddel			
Lån til staten	7B	22 200 000	22 200 000
Sum finansielle anleggsmiddel		22 200 000	22 200 000
Sum anleggsmiddel		121 062 000	133 703 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varelager	13	1 865 000	1 964 000
Sum varer		1 865 000	1 964 000
Krav			
Forskot forfatterhonorar		2 409 000	1 677 000
Andre fordringar, inkl. tilsette		13 898 000	6 674 000
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	3 388 000	4 265 000
Sum krav		19 695 000	12 616 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bank og kasse	14	5 876 000	6 617 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		5 876 000	6 617 000
Sum omløpsmiddel		27 436 000	21 197 000
SUM EIGEDELAR		148 498 000	154 900 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Lutmidlar	7-8	4 909 000	4 909 000
Annan innskoten eigenkapital	7-8	6 335 000	6 335 000
Sum innskoten eigenkapital		11 244 000	11 244 000
Opptent eigenkapital			
Opptent eigenkapital	8	9 509 000	13 930 000
Sum opptent eigenkapital		9 509 000	13 930 000
Sum eigenkapital		20 753 000	25 174 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	10	35 904 000	29 767 000
Sum avsetjingar for plikter		35 904 000	29 767 000
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	13 125 000	14 900 000
Sum anna langsiktig gjeld		13 125 000	14 900 000
Sum langsiktig gjeld		49 029 000	44 667 000
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt	11	28 597 000	30 082 000
Leverandørgjeld		7 960 000	5 701 000
Betalbar skatt, ikkje utlikna	9	510 000	458 000
Skuldige offentlege avgifter		9 414 000	10 964 000
Forskotsinnbetalt for billetter		10 688 000	17 709 000
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		21 547 000	20 145 000
Sum kortsiktig gjeld		78 716 000	85 059 000
Sum gjeld		127 745 000	129 726 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		148 498 000	154 900 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
---------------------	-------------	-------------	-------------



Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert LL Det Norske Teatret sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følger med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide

*PricewaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemias gate 71, Postboks 748 Sentrum, NO-0106 Oslo
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*



Melding frå uavhengig revisor - LL Det Norske Teatret



ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Oslo, 22. mars 2021
PricewaterhouseCoopers AS

Bente Norbye Lie
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

(2)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name
Lie, Bente Norbye

Method
BANKID_MOBILE

Date
2021-03-26 15:20

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Styrets årsmelding

«Som eit stort og solid teater med eit godt omdømme, langsiktige eigarar, eit tidlaust formål og omfattande offentleg støtte, er Det Norske Teatret godt rusta til å klare seg gjennom vanskelege og uføreseielege tider. **Ingen veit sikkert kor store endringar**

koronapandemien vil føre til, men vi er overtydde om at i denne framtida vil Det Norske Teatret uansett vere der og spele ei viktig rolle i samfunnet.»

Då styret i møte 26. mars 2020 behandla ferdig rekneskapen og årsmeldinga for 2019, hadde det blitt nødvendig å skrive nokre ord inn i årsmeldinga om den eine, vesentlege endringa som hadde oppstått etter balansedagen 31. desember 2019: Koronapandemien. Sitatet ovanfor viser korleis styret då vurderte situasjonen, to veker etter nedstenginga i Noreg. Stor uvisse, men uansett tru på teateret. Når vi no har lagt 2020 bak oss, viser fasiten store og verdsomfemnande endringar, men òg eit teater som har klart seg, og som har vakse.

For 2020 blei året då dramatikken i all hovudsak utspelte seg utanfor scenerommet. Januar og februar ved Det Norske Teatret var rett nok som vanleg: prega av optimisme, store kunstnarlege ambisjonar og høg aktivitet. Året før hadde vore eit rekordår på fleire område. Det var eit forventningsfullt teater som stod fullrigga og klart til å erobre

det nye tiåret; eit tiår som kunne fyllast med nye straumdrag, nye tendensar og nye uttrykk. I oppsummeringa veit vi at ingen ting ved 2020 vil kunne bli vurdert eller diskutert utan at pandemien kastar sine tunge skuggar over omtalen. Starten på det nye tiåret blei prega av restriksjonar, avlysingar, usikre planleggingshorisontar, omstilling og både kritisk og entusiastisk utforsking av digitale flater.

Kjernen i ein teaterinstitusjon er det fysiske møtet mellom menneske, i sal og på scene. Gjennom store delar av 2020 var dette ikkje mogleg. I to lange periodar var det regelrett forbode å ha publikum i salen. Først frå 12. mars til 6. mai, og så igjen frå 10. november og ut året. Samla utgjer dette 109 dagar. Ved opninga av haustsesongen hadde teateret ein optimistisk periode på dryge to månader med eit maksimalt publikumstal på 200 på Hovudscenen. På grunn av avstandskrav blei kapasiteten mindre på dei andre scenane, frå 67 på Scene 3 og Rommen scene til 90 på Scene 2. Ikkje ein einaste dag sidan 12. mars har teateret kunna spele utan restriksjonar. Under desse krevjande tilhøva gler styret seg over at det samla publikumstalet for 2020 likevel var over 100 000.

Pandemien treffer Det Norske Teatret

Onsdag 26. februar blei det kjent at Noreg hadde fått det første tilfellet av koronasmitte. Fredag same veke sette teateret i verk dei

første smitteverntiltaka med antibac og informasjon om grunnleggjande smittevern. På premieren på *Lear* på Scene 2 laurdagen etter var alt slik det plar vere på ein merkedag på teateret. Men fram mot neste helgs urpremiere på *Slåttekar i himmelen* steig uroa. Teatersjef og direktør bestemte seg for å sette kriseleiing frå torsdag 5. mars – mest for å vere godt budd om situasjonen skulle bli verkeleg alvorleg. Då publikum fylte teateret om laurdagskvelden 7. mars blei dei møtt av plakatar som på humoristisk vis forklarte korleis ein både kan helse og gratulere utan å kome nær kvarandre. *Slåttekar i himmelen* fekk sin jubelkveld. Sidan den dagen har ingenting vore som normalt på Det Norske Teatret.

Tysdag 10. mars tilrådde Folkehelseinstituttet at arrangement med over 500 deltakarar blei avlyste. 725 hadde billett til *Slåttekar i himmelen* same kvelden. Kriseleiinga på teateret var i tvil. Kontakt med smittevernmyndigheitene lokalt i Oslo gjorde det klart at avlysing ikkje var eit krav - enno. Litt over klokka 18 valde teateret likevel å sende melding til publikum om at kveldens framsyning ikkje blei noko av. Det var best å vere på den sikre sida.

11. mars understreka Kulturdepartementet overfor dei store institusjonane i Oslo at situasjonen var svært alvorleg, og at departementet ikkje kunne ta ansvar for alle aktørar. No gjaldt det å sikre at bransjen ville klare seg. Like tydeleg gav departementet beskjed om at det ikkje ville bli forstått om offentleg støtta

Institusjonar dreiv vidare med fulle kostnader når billettinntektene med eitt blei borte.

Då regjeringa om ettermiddagen 12. mars varsla dei mest inngripande tiltaka etter krigen, hadde teateret sett kva veg det bar. Dei tilsette blei bedne om å gå heim og førebu seg på å arbeide heimanfrå så langt det var mogleg. Det Norske Teatret var ufrivillig stengt for første gong sidan 10. april 1940.

Det Norske Teatret er mellom scenekunstinstitusjonane som har høgast del av inntektene sine frå billettsal. I rekordåret 2019 hadde teateret spelt inn nær 75 millionar kroner. Med anna sal utgjorde eigeninntektene 33 % av alle inntekter det året. Då regjeringa stengde Noreg 12. mars hadde Det Norske Teatret så langt i året selt billettar for 23 millionar av årsbudsjettet på 63 millionar kroner. Men mykje av dette var førehandssal til framsyningar som no måtte bli avlyst. Om ikkje noko blei gjort med kostnadsnivået, ville teateret i løpet av nokre månader få vanskar med å møte betalingsforpliktingane sine.

I fem møte med dei tillitsvalde frå 11. til 25. mars drøfta leiinga på teateret grunnlaget for permitteringar. I eit spesielt alvorsprega styremøte 26. mars gjekk styret inn for å permittere nær alle tilsette, unntatt leiargruppa og nokre få andre, i 80 % frå midten av april. For vedtaket stemte alle i styret med unntak av skodespelarane sin styremedlem, som foreslo å vente før ein tok ei slik dramatisk



avgjerd. For teateret var det eit viktig omsyn å fordele byrdene ved permitteringa så likt som mogleg. Dessutan skulle alle kunne vere litt i arbeid og slik ta del i den sterke fellesskapen som er på Det Norske Teatret.

Frå slutten av mars til midten av mai gjorde teateret ein del av tidlegare framsyningar tilgjengelege på nettsidene våre. Samstundes blei det arbeidd intenst med å få fram ein plan for det vidare arbeidet, om pandemien skulle bli langvarig. Strategien, som fekk namnet *Teater trass alt*, blei vedtatt i styret 29. april. I korte trekk går den ut på å insistere på å skape og spele teater uansett kor vanskelege tilhøva måtte vere. Fordi det er det som er samfunnsoppdraget vårt. Urpremieren på storsatsinga *Bienes historie* i september, ein nyskriven musikal og eit samarbeid med Nasjonalballetten, skulle bli prøvesteinen. Uansett kor få publikummarar det kunne bli lov å ha i salen, skulle den spelast. Og var det talet null, skulle premieren strøymast.

Ved sida av prøvane sette teateret i gang eit større arbeid for å gjere strøyming mogleg. Det var basert på tre premissar: Strøyming kan aldri erstatte opplevinga i salen, digitalt teater finst ikkje, men vi skal gjere strøyming så godt som strøyming kan gjerast. Strøyming er alltid samtidig og direkte med det som skjer på scenen, og skal aldri kunne sjåast elles. Og det vi strøymar skal alltid vere verdt å ta betalt for.

Trass i store utfordringar med å gjennomføre prøvar i eit ensemble med 40 medverkande på scenen i ei tid då alle måtte halde seg borte ved det minste symptom på luftvegsinfeksjon, fekk *Bienes historie* premiere 11. september, ei veke etter den opphavelige planen. Publikummet på Hovudscenen var dei maksimalt tillatne 200, om lag 1500 følgde strøyminga frå stovene sine. Etter premieren skreiv Dagbladet: "Haustens største norske teatersatsing. At det i det heile tatt er mogleg i den tida vi er inne i no er ei kjelde til forundring og beundring."

Sjølv om den berre varte eit par timar, blei nok premiefesten ein av dei lengste i teaterets historie. Med korrekt avstand strekte rekka av småbord seg frå Bikuben og over heile Midtgolvet og Hulda-salongen i andre høgda til endes.

Før dette hadde våren bore med seg fleire håpefulle teikn på at pandemien ikkje skulle bli ei langvarig plage. Allereie 30. april varsla regjeringa overraskande at nedgangen i smittetala gjorde det mogleg å tillate små forsamlingar på inntil 50 personar frå 7. mai. Det gav eit høve til å teste ut strategien styret hadde vedtatt dagen før. Teateret bestemte seg med ein gong for å leggje om planane og feire opninga med urpremiere på barnestykket *Jakob og Neikob og Alle Andre*, ei oppsetjing som eigentleg skulle hatt premiere 12. mars. 7. mai blei eit rørende gjensyn med teateret for både barn og vaksne.

17. mai gratulerte Det Norske Teatret heile landet med dagen med ein filma versjon av *No livnar det i lundar*. Fram til sommaren spelte Det Norske Teatret utvalde framsyningar, medan planane blei lagde for å kunne gjennomføre nær heile haustens program, uansett pandemi. I to møte med Kulturdepartementet hadde teateret argumentert for at også dei store scenekunstinstitusjonane måtte få ekstra løyvingar. I juni løyvde Stortinget 12,3 millionar til Det Norske Teatret som ein del av ei krisepakke for scenekunst og museum. Permitteringane blei gradvis avvikla etter kvart som det blei grunnlag for auka aktivitet på teateret, og før sommarferien var alle permitteringar avslutta. Med 17 millionar kroner i sparte lønsutgifter, omfattande kostnadskutt elles og nyinvesteringar haldne på eit minimum såg det midtvegs i året ut til at 2020 ikkje måtte ende med eit stort driftsunderskot, trass i at utsiktene til billettinntekter gjennom hausten var lågare enn vanleg. Styret arbeidde gjennom heile året med scenariomodellar der ulike utfall av publikumsrestriksjonar eller -forbod kunne bli studert.

Trass i pandemien nådde teateret nær alle mål sett for 2020 som gjeld ny dramatikkk på høgt kunstnarleg nivå. 16 nye stykke hadde premiere, så mange som ti av dei etter 12. mars. Sju stykke var urpremierar, mellom anna *Sløttekar i himmelen* saman med Teatret Vårt. Berre tre produksjonar blei tatt av, og to av desse kjem i staden

i 2021 og 2022. I tillegg til planen skapte teateret Dylan-teaterkonserten *Vikla inn i blått*.

Frå den 10. november blei det igjen heilt forbode å samle publikum i teateret. Dette forbodet varte ut året, men Det Norske Teateret har halde fram med å ta nye produksjonar fram til premiere og spele framsyningar bak lukka dører for å halde dei ved like. Dette er nødvendig for å unngå ein lang oppstartsperiode når det igjen blir lov å sleppe publikum inn. Av denne grunn blei den siste premieren i 2020, storproduksjonen *Tolvskillingsoperaen*, spelt utan publikum 14. november. I salen på Hovudscenen sat berre det kunstnarlege laget, teatersjef og direktør.

Smittevern

Det skal vere trygt å vere på arbeid på Det Norske Teatret, og det skal vere trygt å vere publikum. Det var det viktigaste omsynet teateret tok gjennom 2020. Dei første smitteverntiltaka kom på plass i slutten av februar. Etter nedstenginga i mars blei det utvikla omfattande rutinar som ein føresetnad for å kunne ta opp igjen prøvar og etter kvart framsyningar. Urpremieren på *Jakob og Neikob* og *Alle Andre* 7. mai blei ein første test på smittevern i møte med publikum. Teateret fekk mange godord for dette opplegget, både av publikum og i meldingane etter premieren. Publikumsvertane har



stått i front for dette gjennom heile året og fortener ein særskild
takk.

Gjennom våren sørgde Spekter og NTO for at det blei utvikla ein
bransjestandard for smittevern i scenekunstinstitusjonar. Denne har
vore svært nyttig. Vesentleg var òg unntaket frå einmetersregelen
for utøvande kunstnarar i prøvar og framsyningar, som kom i den
nasjonale covid-19-forskrifta i juni. Unntaket er nødvendig, men ikkje
uproblematisk. Korleis det best kan bli praktisert har vore under
diskusjon og utvikling gjennom heile året.

Teateret har hatt vesentlege meirkostnader til smittevernutstyr og -
tiltak. Tilrettelegging for arbeid på heimekontor har også ført til meir
innkjøp av it-utstyr. Det er likevel små kostnader sett i lys av at dei
har gjort det mogleg å halde teateret mest mogleg ope og i drift.

Det er godt å kunne summere opp 2020 med at ingen tilsette eller
publikummarar blei smitta i teateret. Nokre få tilsette har hatt covid-
19, men ingen av dei er blitt smitta på teateret eller har vore til
stades der i dagane før dei blei sjuke.

Det Norske Teatret har hatt eit nært samarbeid med
smittevernmyndigheitene i St. Hanshaugen bydel gjennom heile året.
Tre gonger hausten 2020 fekk vi melding om at vi hadde hatt
uvitande covid-19-positive blant publikum. I alle tre tilfella blei
plasseringa i salen kontrollert, og smittevernmyndigheitene

konkluderte kvar gong med at det ikkje var nødvendig å sette nokon i karantene på grunn av måten teateret hadde sørgt for avstand mellom publikum og smitteverntiltaka våre elles. Ingen blei heller smitta i teateret ved desse tre hendingane. Styret ser dette som ein praktisk test på det som òg er kjent gjennom forskning det seinare året: Store scenekunsthus med god plass og profesjonelt smittevern er etter forholda trygge samlingsplassar.

Eit teater som når ut likevel

Det samla publikumstalet i 2020 blei 103 580 fordelt på 521 framsyningar og nokre konsertar og formidlingsarrangement. Styret er godt nøgd med å ha nådd så mange i eit så vanskeleg år, der om lag halvparten av dei planlagde framsyningane måtte avlysast og der alle som blei spelt frå 7. mai måtte spelast med strenge restriksjonar på publikumstal. Om lag 16 000 av publikummarane opplevde Det Norske Teatret og Teatret Vårt sin samproduksjon *Slåttekar i himmelen* i Molde og på turné på Nord-Vestlandet hausten 2020.

Om lag 10 000 var publikummararar på dei digitale strøymingane teateret gjennomførte i 2020: Fem strøymingar av *Bienes historie*, to av *Villanda* samt julekonserten *Pakka inn i raudt*.

Sjølv om strøyming av teater ikkje kan bli like godt som teater opplevd i salen, meiner styret at teateret gjer rett i å insistere på at

det publikum skal kunne sjå via ein skjerm skal vere det som samtidig går føre seg på scenen i teateret. Nedlasting av opptak er ikkje strøyming. Den samtidige opplevinga er verd å betale for, òg når den blir opplevd på avstand. Som offentleg støtta institusjon har teateret dessutan eit ansvar for ikkje å svekkje marknaden for dei mange kunstnarane som utan offentleg støtte forsøker å skape inntekter gjennom samtidige, digitale tilbod i ei vanskeleg tid.

Strøyminga av utvalde framsyningar har òg ført til at teateret har nådd ut i eit større geografisk område. Mange stader har kulturhus, bibliotek og andre institusjonar invitert til lokale samlingar rundt strøymde framsyningar frå Det Norske Teatret. Slik sett har denne utforskinga av nye formidlingsformer bidrege til å oppfylle teateret sitt føremål om å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by. Det er særleg interessant om det aukar teaterinteressa og gjer at fleire får lyst til besøke Det Norske Teatret og oppleve verkeleg teater.

Strøyminga har gitt mange elevar eit populært teatertilbod i eit år der det har vore færre tilbod enn vanleg i Den kulturelle skulesekken. Særleg *Villanda* har nådd fram til mange skuleklassar og gitt eit sterkt møte med drama – og Henrik Ibsen på nynorsk og i eit moderne språk. Det er ein god måte å oppfylle ein del av teateret sitt språkoppdrag på, anten dei vi møter er elevar som har nynorsk som sitt skriftspråk eller elevar med stor avstand til det.



Det Norske Teatret vil takke samarbeidspartnaren vår gjennom mange år, OBOS, og dessutan Kavlifondet for at dei med rause bidrag frå sine billettfond har gjort det mogleg for fleire tusen elevar å sjå drama på nynorsk.

Det har ikkje vore lett å vere publikum i 2020. Mange har fått beskjed om avlysingar på kort varsel, og mange har opplevd å bli flytta frå den eine framsyninga til den andre. Teateret takkar for tolmod, forståing og oppmuntrande ord. Nettopp fordi vi ser det som sjølvsagt å tilby ny framsyning, gåvekort eller pengane tilbake når planar blir endra, har det gjort inntrykk at teateret rett som det er har fått beskjed om å behalde pengane. Desse gåvene utgjer samla kr 463 000 og er med det eit vesentleg bidrag til teaterdrifta i eit vanskeleg år.

Ein spesiell takk går til Vennelaget. Med ei raus gåve på 300 000 kroner blei det mogleg å gjennomføre ei etterlengta bygging av ein mesanin bak på Scene 3. Det gir betre arbeidstilhøve under avvikling av framsyningar, og like viktig: Rom for ein liten kafescene og eit formidlingsareal under mesaninen, som straks blei døypt ½ 3 og opna med premieren på *Come back, Liza* 2. oktober.

Økonomisk utvikling



Rekneskapen for 2020 viser eit fall i eigeninntektene på 58,4 millionar kroner samanlikna med 2019. Ein mindre del av dette blei kompensert med ekstra løyvingar frå Kulturdepartementet på 12,3 millionar kroner i juni og 5,5 millionar kroner som kompensasjon for tapte billettinntekter i november og desember. Medrekna den offentlege støtta hadde teateret 34,4 millionar kroner i lågare inntekter i 2020. I all hovudsak skuldast skilnaden at teateret oppnådde berre 21 av dei budsjetterte 63 millionane i billettinntekter.

Svikten i inntektene er møtt med lågare personalkostnader i dei to månadene med omfattande permitteringar våren 2020 og eit omfattande arbeid for å redusere andre driftskostnader. Samla hadde teateret 36 millionar kroner lågare kostnader i 2020 samanlikna med året før.

Pensjon

I tariffoppgjeret for 2016 blei det avtalt ei mellombels ordning med innskotspensjon for dei tilsette i teater- og orkesterverksemder tilslutta Spekter som arbeidsgjevarforeining. Som ei følge av dette avslutta teateret 1. juli 2016 ordninga med ytingspensjon og starta samtidig opp ei ny ordning med innskotspensjon. Etter tilbodskonkurransen blei denne lagt til Sparebank 1. Overgangen frå ytingspensjon til innskotspensjon skal på sikt føre til at teateret får



meir føreseielege kostnader til pensjon. Den mellombels ordninga blei forlenga ved tariffoppgjera i 2018 og 2020.

Dei historiske rettane opparbeidd fram til 2016 er sidan forvalta av KLP i ei lukka pensjonsordning. Norsk Teater- og Orkesterforening har i 2020 gjennomført ein tilbodskonkurranse på vegner av medlemmene. Til liks med nær alle andre medlemmer i NTO valde styret i Det Norske Teatret før årsskiftet Storebrand som ny forvaltar frå 2021. Leverandørskiftet vil gi noko lågare forvaltingskostnader. Teateret fekk dessutan i mars 2021 tilbakebetalt eit eigenkapitalinnskot i KLP på 6,5 millionar kroner. Ved lukkinga av denne pensjonsordninga i 2016 var eigenkapitaltilskotet i KLP på 5,050 millionar kroner skrive ned til null då det var usikkert om dette hadde nokon verdi. Når eigenkapitaltilskotet no blei betalt tilbake, er nedskrivninga på 5,050 millionar kroner reversert i rekneskaperen for 2020. Overskytande del av tilbakebetalinga på 6,5 millionar kroner vil bli rekneskapsført i 2021.

Uansett forvaltar vil den lukka pensjonsordninga ha ein langsiktig ibuande risiko for svingingar som år for år kan kome til å påverke teateret sin eigenkapital. Sidan 2016 har vi sett dette få sterke utslag i både negativ og positiv retning. For 2019 fekk teateret ein bokført



netto nedgang i pensjonsforpliktinga etter denne ordninga på vel 19 millionar kroner. For 2020 svingar forpliktinga motsett veg med 11,3 millionar kroner i auka forplikting. Netto endring blir likevel 6,3 millionar kroner, grunna den ovanfor omtalte reverseringa av nedskrivinga av eigenkapitaltilskotet i KLP.

Fleire forhold påverkar desse endringane i estimert pensjonsforplikting, mellom anna diskonteringsrente og G-regulering. I 2020 har til dømes den låge renta ført til at den utrekna framtidige pensjonsforpliktinga har blitt høgare. Eventuelle endringar i offentlig pensjon, mellom anna nye samordningsreglar, vil òg få konsekvensar.

Endringar i utrekna framtidig pensjonsforplikting i den lukka, historiske ordninga med ytingspensjon vil påverke teateret sin eigenkapital, positivt eller negativt. Endringa skal altså kome fram i balansen. Det er derimot fleire måtar dette kan bli ført på i driftsrekneskapen. Teateret har fram til no ført heile endringa frå eitt år til eit anna i driftsrekneskapen. Det har gitt svært store utslag i driftsresultatet, som langt overstig variasjonane i resultat i sjølve teaterdrifta. I 2019 forbetra desse endringane i pensjonsforpliktingane driftsresultatet med vel 19 millionar kroner. I 2020 svekkjer dei resultatet med 11,3 millionar kroner.



Styret meiner at desse store utslaga gjer det vanskelegare å lese årsrekneskapen som eit uttrykk for teateret si faktiske drift det aktuelle året. Styret vil gjennom 2021 vurdere om ein frå rekneskapsåret 2021 skal endre føringsprinsipp for pensjon for å få mindre påverknad av endringane i resultatrekneskapen.

Resultat og egenkapital

Årsresultatet etter skatt for 2020 blei eit underskot på 4,422 millionar kroner. Sjølve teaterdrifta, før effekten av estimerte endringar i den lukka pensjonsordninga, finansresultat og skatt, gjekk med eit overskot på 2,794 millionar kroner. Det er her medrekna ein kompensasjon frå Kulturdepartementet for tapte billettinntekter og meirkostnader til alternativ formidling i november og desember på 5,503 millionar kroner. Teateret fekk endeleg melding om dette først 16. mars 2021.

Styret går inn for at det negative årsresultatet etter skatt på 4,422 millionar kroner blir lagt til opptent egenkapital 9,509 millionar kroner. Medrekna innskoten egenkapital på 11,244 millionar er den samla eigenkapitalen 20,752 millionar kroner 31.12.20.

Skatt

Teateret er ein skattefri institusjon. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntektene frå

desse verksemdene er skattepliktige. Det Norske Teatret avvikla avtalen med NOKO Utvikling AS om leige av utleigelokala og overtok utleiga sjølv frå 1. mai 2020. For investeringar i desse areala er det gjort avskrivningar på 1 073 400. Samla skattekostnad var på 429 000 kr i 2020.

Bygg og utstyr

Teateret har ambisiøse mål for å utvikle bygget og drive kontinuerleg vedlikehald, slik at huset er ein god arbeidsplass og ein attraktiv arena for publikum. Frå 2010-2019 blei det investert 168 millionar kroner i bygg og sceneteknisk utstyr. Investeringar blir betalte kontant, og av omsyn til likviditeten i 2020 blei det naudsynt å halde investeringane på eit minimum. Samla utgjorde investeringane berre 6,4 millionar kroner. Bygging av mesanin på Scene 3 var det største prosjektet, det er elles prioritert mindre prosjekt som har med helse, miljø og tryggleik å gjere, samt sikker avvikling av framsyningar. Også vedlikehald over drifta har vore redusert i 2020.

Dette er ikkje eit berekraftig nivå og må representere eit unntak.

Teaterbygget er 35 år gammalt. Det er tatt svært godt vare på, men det vil vere aukande behov for utskiftingar og oppgraderingar etter kvart som utstyr og installasjonar når levetida si. Styret har gjennom 2020 arbeid med eit forprosjekt der ein studerer ei mogleg utbygging på

taket. Det er eit stort variert landskap der oppe som både kan gi teateret større spelerom og samtidig bli ein attraktivt samlingsstad, eit ope byrom, i hjartet av hovudstaden. Dette er òg ein studie av korleis teateret best kan utnytte potensialet for eigne inntekter. KIMA arkitektur og Multiconsult har saman med teateret utarbeidd ein rapport, som styret vil arbeide vidare med gjennom 2021. Årsmøtet i lutlaget vil få informasjon om arbeidet.

Mangfald, likestilling, leiing og organisasjon

Teateret har ordningar for gratisbilletter for følgje til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrhjelp for høyrsllehemma.

Bygget er generelt godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter ytterlegare å styrke denne utforminga.

Hausten 2012 starta Det Norske Teatret, i samarbeid med Nord universitet, opp bachelorstudiet Det multinorske for skodespelarstudentar med familiebakgrunn utanfor Europa.

Føremål: spegle det moderne Noreg. Med det tredje kullet som blir ferdige våren 2021, har i alt 14 studentar fått utdanninga si her.

Mangfaldet ved norske scenar og i norsk film- og tv-produksjon er vesentleg auka som resultat. Hausten 2020 varsla teateret eit nytt initiativ for å få til ei tilsvarande utdanning ved Det multinorske for dei kunstnarlege premissleverandørane, regissørane og scenografane. I desse definerande faga er mangfaldet lite, og det er

avgjerande at vi finn fleire og meir mangfaldige stemmer i desse yrkesgruppene òg.

Den store satsinga i mangfaldsarbeidet til teateret er for tida Rommen Scene i Groruddalen, opna i 2019. Intensjonen er å bringe fram nye forteljingar i nært samarbeid med dei lokale kreftene i bydelen. *Tante Ulrikkes vei* har blitt ein stor suksess, og det nye Rommen-stykket *Linje 5* fekk ei jublande mottaking før speleforbodet hausten 2020 sette stykket og publikum på vent. DNT har no styrkt bemanninga på Rommen scene kraftig og planlegg fire nye produksjonar i 2022.

DNT er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen, som driv eit viktig rekrutteringsarbeid til scenekunsten blant barn og unge, særleg i Oslo. I samarbeid med DMS ønskjer teateret å få til eit rekrutteringsprogram vi har kalla Talent Rommen, som kan opne vegar inn til scenekunsten for ungdom i Groruddalen.

Desse tiltaka har saman med målbevisst arbeid med publikumsutvikling, også gjennom Bikubekveldar og andre arrangement på teateret, auka mangfaldet på scenen og blant publikum. Vi ser eit potensial for meir mangfald blant dei tilsette, og i større grad gjeld det dei andre gruppene tilsette enn dei kunstnarlege. I stillingsutlysingar presiserer teateret at vi "ønsker å



spegle samfunnet og oppmodar kvalifiserte kandidatar som kan auke mangfaldet i organisasjonen vår til å søke. ”

I 2020 blei det utført 248 årsverk ved teateret (250 i 2019). Teateret hadde ved utgangen av året 235 fast tilsette (240 i 2019), 117 menn og 118 kvinner. Desse utførte 213 årsverk, innleigde medverkande utgjer altså 35 årsverk. Ser ein på årsverk samla, er fordelinga meir ulik mellom kjønna: 110 årsverk var utførte av kvinner, 138 av menn. Kvinnene har altså ein større del av deltidsstillingane ved teateret. 23 kvinner og 13 menn arbeider deltid.

Styret har merka seg dei nye krava i likestillings- og diskrimineringslova og vil i løpet av 2021 gjennomføre kartlegging av lønsskilnader etter kjønn og om noko av deltidsarbeidet har karakter av å vere ufrivillig. Det er særleg i arbeidet med mottak og rettleiing av publikum at teateret nyttar deltidsstillingar.

I leiargruppa og blant mellomleiarane er det god kjønns- og aldersbalanse. Gjennomsnittsløna er om lag lik for begge kjønn. Teateret har halde fram med systematisk førebyggjande arbeid mot trakassering og vedtatt etiske retningsliner som gjeld alle som er i arbeid på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle.



Det Norske Teatret har i mange år hatt ein liten administrasjon med avgrensa kapasitet til å drive systematisk utviklings- og organisasjonsarbeid. Frå slutten av 2020 er dei tilsette innan organisasjon, personal og økonomi samla i ei avdeling og ein ny økonomi- og organisasjonssjef er tilsett. Dette vil gi teateret større kraft på desse områda.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt og at kjensla av fellesskap er eit av teateret sine særmerke og aktivum. Verdien av dette har særleg vist seg i eit så krevjande år som 2020. Det er eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret, og det har vore eit stort tal møte i 2020. HMT-spørsmål har stått øvst på agendaen både i desse møta, i møta i leiinga, i avdelingar og i produksjonar. Det gjeld også i ei breitt samansett beredskapsleiing, som spelte ei særleg viktig rolle i dei første, kriseprega månadene av pandemien. Arbeidsmiljøutvalet har av desse grunnane hatt låg aktivitet i 2020 og berre gjennomført to møte.

Sjukefråværet i 2020 var på 3,3 % (3,7 % i 2019). Det var ikkje alvorlege arbeidsulykker i 2020.

Risikostyring

Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutine blir

regelmessig evaluerte og forbedra. Teateret har ein heilskapleg beredskapsplan, og har gjennomført omfattande kursing av alle som har ei rolle i beredskapsgruppa. Dette forarbeidet kom til stor nytte då pandemien råka Noreg. Teateret valde å sette kriseleiing allereie 5. mars. Det viste seg å vere ein stor fordel at alle medverkande kjende godt til dei viktigaste prinsippa for kriseleiing og kva for oppgåver som låg til eiga rolle.

Økonomisk risikovurdering blir følgd opp årleg saman med revisor. Dei viktigaste eksterne risikofaktorane har i normale tider vore fare for svikt i billettsalet, endringar i tilskotet, lønsoppgjeret og auke i vedlikehaldskostnadene. Med omlegging til repertoarspel er risikoen for billettsvikt tatt noko ned, i og med at ein no kan programmere om ved salssvikt på enkeltoppsetjingar. Teateret har òg arbeidd med å styrke rapporteringa av avvik og utvikle ei tettare risikooppfølging knytt til produksjonsgjennomføringa.

Med pandemien fekk teateret heilt nye risikofaktorar å ta omsyn til. Frå april har styret hatt oppdaterte risikoframstillingar på mest alle styremøte. Fare for smittespreiing på teateret, driftsavbrot på grunn av sjuke tilsette, engsteleg og frustrert publikum, nedvurdering av kultur i samfunnet og risiko ved strøyming er døme på nye faktorar som har stått på styret sitt risikokart gjennom året.

Teaterdrifta har i utgangspunktet låg finansiell risiko. Teateret vurderer til alle tider aktivt vilkåra for val av bank ut

frå ei heilskapleg vurdering av rentetilbod på innskot, lån og kredittbehov. Teateret har også leigefinansiering gjennom bank.

Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Kredittrisikoen er liten, då eigeninntektene hovudsakleg kjem frå førehandsbetalte billetter.

Likviditet

Ved utgangen av 2019 var likviditetsbeholdninga negativ med 30 millionar kroner. Det gjorde dei akutte utfordringane som kom med publikumsforbod og bråstopp i billettsalet frå 12. mars større for Det Norske Teatret. Gjennom ei rekkje tiltak lukkast teateret med å ha nødvendig likviditet til å møte forpliktingane sine gjennom heile året. Dette omfatta mellom anna permitteringar, kutt i driftskostnader og investeringar. Samstundes etablerte teateret eit system for scenarioutrekningar som blei løpande oppdatert gjennom heile året. Den ekstra løyvinga frå Kulturdepartementet i juni på 12,3 millionar kroner var òg eit vesentleg bidrag. Samla sett oppnådde teateret ei viss forbetring i likviditeten gjennom året. Netto kontantstraum for teaterdrifta i 2020 var positiv med 8,9 millionar kroner. I desember bytte teateret forvaltar av den tidlegare ytingspensjonsordninga som blei lukka i 2016. Skiftet frå



KLP til Storebrand fører til at teateret får tilbakebetalt eit eigenkapitalinnskot i KLP på 6,5 millionar kroner. Ytterlegare forbetring av likviditeten vil vere ei viktig sak for styret i 2021 òg.

Klima og miljø

Teateret forureinar i liten grad det ytre miljøet. Teateret sine beste miljøvinstar ligg i reduksjon av energiforbruket. Overgang til LED-lys på scene og aktivitetsbasert ventilasjonsstyring er viktige tiltak for energisparing. Klimautfordringane verda står overfor er så omfattande at også Det Norske Teatret må bu seg på å gjere meir og bli eit grønar teater. Fram til no har klimautfordringane blitt handsama med større alvor på teateret sine scenar, mellom anna i *Bienes historie* hausten 2020, enn i ei kritisk gjennomtenking av kva for konsekvensar dei skal få for måten vi driv teateret som organisasjon og måten vi gjennomfører produksjonar på. Leiinga på teateret varsla ei større satsing på klima i februar. Denne har måtta vente på grunn av pandemien, men endra arbeidsmåtar og erfart omstillingsevne i unntaksåret har òg gitt inspirasjon til ei slik satsing. Det Norske Teatret er nøgd med at NTO saman med andre bransjeaktørar har laga eit grønt vegkart for kulturlivet. Teateret vil bruke dette som ei rettleiing for eit fornya arbeid med klima- og ressurs spørsmål.

Vidare drift og vesentlege hendingar etter balansedagen

Styret har hatt åtte møte i 2020 og handsama 65 saker. Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gir eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2020. Verksemda er, trass pandemien, i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Etter å ha kunna spelt teater for eit visst publikum frå august av, gjennomførte byrådet i Oslo ei sosial nedstenging frå 10. november for å slå ned ei andre smittebølge. Sidan den dagen har det vore forbode å ha publikum på teater og andre kulturarrangement.

Medan smittetala midt i februar såg ut til å gå ned til eit nivå som gav håp om oppheving av forbodet, har situasjonen forverra seg drastisk. I det denne årsmeldinga blir vedtatt i styret i slutten av mars 2021, kjempar Oslo for å få kontroll over ei tredje bølge med smittespreiing, no med den meir smittsame B.1.1.7-varianten av koronaviruset som drivar. Publikumsforbodet har no vart i 133 samanhengande dagar.

Situasjonen er svært alvorleg. Styret er likevel ikkje uroleg for at Det Norske Teatret ikkje skal greie seg gjennom pandemien. Omfattande vaksinerings vil etter kvart føre til at teateret kan opne igjen, sjølv om vi ikkje veit når no. Det er sidan våren 2020 etablert gode

kriseordningar for kulturinstitusjonane. For første halvår 2021 har teateret ei ekstra løyving på 21,5 millionar kroner i statleg støtte, som saman med kostnadsutt reduserer dei økonomiske konsekvensane av publikumsforbodet. Styret legg til grunn at liknande ordningar vil gjelde så lenge det blir lagt omfattande restriksjonar på at teateret sjølv kan skaffe seg inntekter gjennom billettsal. Hovudfinansieringa (om lag 2/3) til teateret vil framleis vere offentleg støtte frå Kulturdepartementet. Denne er ikkje trua og med kvartalsvise utbetalingar bidreg denne òg til jamnare likviditet. Styret og administrasjonen vil vurdere situasjonen og behovet for tiltak løpande utover året, tilpassa utviklinga.

Pandemien har vist at når det blir krise, står ikkje kulturlivet så sterkt som honnørorda i gode tider har gitt inntrykk av. Det var langt frå 2020 til fyndorda i kulturmeldinga om at «Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og kulturpolitikken skal byggje på ytringsfridom og toleranse. Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet». Snarare kan ein få inntrykk av at kulturlivet raskt kunne stengast ned for å kunne telje opp reduksjon i sosial mobilitet. Samstundes har helsemyndigheitene gjennom prioritering av tid og ressursar vist seg lite interesserte i å føre ein dialog med kulturinstitusjonane om korleis ein kunne ha spelt for eit visst publikum og samtidig hatt eit godt smittevern. Her har teateret

smittevernlova på si side, den forpliktar myndigheitene til å leggje vekt på frivillig medverknad. Engasjerte kulturpolitikarar har sørgt for ein rimeleg god kompensasjonspolitik for kulturlivet, men teateret har sakna eit engasjement for kva som er god kulturpolitikk i ei så stor krise. Styret er uroleg for kva slags signal dette fråværet sender til unge som har satsa på eller vurderer å satse på ein leveveg innan kunst og kultur.

Framtidsutsikter

Det Norske Teatret skal vere eit teater som utfordrar. Først og fremst kunstnarleg, men òg som medborgar i samfunnet. Derfor har teateret heva stemma i den offentlege debatten mange gonger i løpet av pandemien. Erfaringane frå 2020 har styrkt oss i trua på at same kva slags samfunn som veks fram etter denne globale krisa, så vil Det Norske Teatret uansett vere der og spele ei viktig rolle, som fyrstårn for nynorsken og som leiande europeisk teater. Styret gler seg over at Noreg har fått ei ny språklov som så klart slår fast at jamstillinga av bokmål og nynorsk skal innebere at det er nynorsken som må styrkast. Det òg gir Det Norske Teatret eit framifrå utgangspunkt for det vidare arbeidet.

Styret vil rette ein særleg stor takk til leiinga ved teateret gjennom eit særleg krevjande år. Teateret har møtt utfordringar med eit klart



formål om å levere kunst på høgt nivå, uavhengig av vanskelege omgivnader, og har strekt seg for å finne nye løysingar på store utfordringar. Styret vil og takke dei tillitsvalde. Vervet som tillitsvald har vore særskild krevjande i 2020, men samarbeidet mellom leiding og tillitsvalde har vore avgjerande for dei gode resultatane Det Norske Teatret har oppnådd gjennom kriseåret.

Til slutt ein stor takk til alle tilsette, som har stått på, tatt ansvar og gjort ein innsats langt utanfor det vanlege i denne situasjonen.

Slik har Det Norske Teatret vist fram evna til å vere både nyskapande og djervt på heilt nye måter.

Oslo 22.03.2021

i styret for L/L Det Norske Teatret

Nina Refseth

Styreleiar

Steinulf Tungesvik

Nestleiar

Inger Lise Aarrestad Rettedal Magni Hjertenes Flyum

Shahzad Rana

Paul-Ottar Haga

Ola Erik Blæsterdalen

Erik Ulfsby

Teatersjef og dagleg leiar

Hans Antonsen

Direktør



 Securely signed with Brevio

Styrets Årsmelding

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Rettedal, Inger Lise Aarrestad	BANKID	2021-03-26 15:44
Blæsterdalen, Ola Erik	BANKID_MOBILE	2021-03-25 19:29
Rana, Shahzad Asghar	BANKID_MOBILE	2021-03-26 12:51
Antonsen, Hans Tormod	BANKID_MOBILE	2021-03-25 15:52
Tungesvik, Steinulf	BANKID_MOBILE	2021-03-25 21:17
Haga, Paul Ottar	BANKID_MOBILE	2021-03-26 12:41
Refseth, Nina	BANKID	2021-03-25 20:31
Flyum, Magni Hjertenes	BANKID	2021-03-25 23:24
Ufsby, Erik Ole Christian	BANKID_MOBILE	2021-03-25 16:12

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



RESULTATREKNESKAP 2020

		(tal i NOK 1000)	
	Note	2020	2019
TEATERDRIFTA:			
DRIFTSINNTEKTER:			
Eigne inntekter	1	30 269	88 695
Tilskot	2	205 087	181 009
Sum driftsinntekter		235 356	269 704
DRIFTSKOSTNADER:			
Varekjøp		8 696	8 461
Kostn. v/arbeidskraft	3	167 872	183 449
Avskrivningar teaterbygg	5	1 073	1 073
Ordinære avskrivningar	6A,6B	18 014	17 155
Andre driftskostnader	4	36 906	58 432
Sum driftskostnader		232 562	268 570
DRIFTSRESULTAT		2 794	1 134
PENSJON:			
KLP Pensjon - lukka ordning	10	6 278	-19 025
Sum effekt endring av pensjon		6 278	-19 025
DRIFTSRESULTAT inkl pensjonsendring		-3 483	20 159
FINANSRESULTAT:			
Renteinntekter		506	745
Rentekostnader		1 016	1 846
Finansresultat		-509	-1 102
Resultat før skattekostnader		-3 992	19 057
Skattekostnad	9	429	389
ÅRSRESULTAT		-4 422	18 668
DISPONERING AV ÅRSRESULTAT:			
Årets resultat til opptent egenkapital	8	4 422	-18 668
Sum disponert		4 422	-18 668



BALANSE PR. 31.12.2020

		(tal i NOK 1000)	
	Note	2020	2019
EIGEDELAR			
ANLEGGSMIDDEL:			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	9	1 556	1 475
Sum immaterielle egedelar		1 556	1 475
Finansielle driftsmidler			
Lån til staten	7B	22 200	22 200
Sum finansielle driftsmidler		22 200	22 200
Varige driftsmiddel			
Teaterhuset	5	11 575	12 648
Bygninger, tomter	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6A,6B	76 724	88 373
Sum varige driftsmiddel		97 307	110 029
Sum anleggsmiddel		121 062	133 704
OMLAUPSMIDLAR:			
Fordringar			
Varelager	13	1 865	1 964
Forskot forfattarhonorar		2 409	1 677
Andre fordringar inkl. tilsette		13 898	6 674
Sum fordringar		18 171	10 315
Forskotsbetalte framsyningskostnader	12	3 388	4 265
Bank og kasse	14	5 876	6 617
Sum omlaupsmidler		27 436	21 196
SUM EIGEDELAR		148 498	154 900

**BALANSE PR. 31.12.2020**

		(tal i NOK 1000)	
	Note	2020	2019
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL:			
Innskoten egenkapital			
Lutmidlar (12.272 luter à kr. 400.-)	7-8	4 909	4 909
Annan innskoten egenkapital	7-8	6 335	6 335
Sum innskoten egenkapital		11 244	11 244
Opptent egenkapital	8	9 509	13 930
Sum opptent egenkapital		9 509	13 930
Sum egenkapital	8	20 752	25 174
GJELD:			
Avsetjing for plikter			
Pensjonsplikter	10	35 904	29 767
Sum avsetjing for plikter		35 904	29 767
Anna langsiktig gjeld			
Pantelån	11	13 125	14 625
Leigefinansiering	6B	0	275
Sum anna langsiktig gjeld		13 125	14 900
Kortsiktig gjeld			
Leverandørar		7 960	5 701
Kassakreditt	11	28 597	30 082
Betalbar skatt, ikkje utlikna	9	510	458
Skuldig offentlege avgifter		9 414	10 964
Forskotsinnbetalt for billetter		10 688	17 709
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		21 547	20 145
Sum kortsiktig gjeld		78 717	85 059
Sum gjeld		127 746	129 726
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		148 498	154 900

Oslo, 22.03.2021

I styret for L/L Det Norske Teatret

Nina Refseth
StyreleiarSteinulf Tungesvik
Nestleiar

Inger Lise Aarrestad Rettedal

Shahzad Rana

Magni Hjertenes Flyum

Ola Erik Blæsterdalen

Paul Ottar Haga

Hans Antonsen
DirektørErik Ulfsby
Dagleg leiar



 Securely signed with Brevio

Årsregnskap

Signers:

<i>Name</i>	<i>Method</i>	<i>Date</i>
Refseth, Nina	BANKID	2021-03-25 20:30
Flyum, Magni Hjertenes	BANKID	2021-03-25 23:23
Tungesvik, Steinulf	BANKID_MOBILE	2021-03-25 21:17
Antonsen, Hans Tormod	BANKID_MOBILE	2021-03-25 15:55
Ulfsby, Erik Ole Christian	BANKID_MOBILE	2021-03-25 16:11
Rana, Shahzad Asghar	BANKID_MOBILE	2021-03-26 12:51
Blæsterdalen, Ola Erik	BANKID_MOBILE	2021-03-25 19:29
Rettedal, Inger Lise Aarrestad	BANKID	2021-03-26 15:37
Haga, Paul Ottar	BANKID_MOBILE	2021-03-26 15:02

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



NOTAR

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

INNETEKTER

Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar. Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tomta blir ikkje avskriven. Teaterbygget blei skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskrivning som prinsipp.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivningstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsførte jamleg som driftskostnader.

LEIGEFINANSIERING

Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eigedelar) blir balanseførte som eigedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivningar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

PENSJON

Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følge av estimatavvik, bokførte direkte over resultat i det året dei oppstår. Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.



VALUTA

Transaksjonar i valuta bokførast løypande til gjeldende kurs. Kursgevinst og kurstap knyttet til transaksjonar i utenlandsk valuta føres som renteinntekt og rentekostnad.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontant-ekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande løpetid mindre enn tre månader frå den datoen dei er innkjøpte.

SKATT

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplass. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunnjevne med forventa framtidig inntening. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen.

Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER

Sjå note 12.

Note 1 – Eigne inntekter	2020	2019
Billettsal: Hovudscenen	15 108	62 310
Billettsal: Scene 2	1 950	6 961
Billettsal: Scene 3	1 190	2 569
Billettsal: Andre scenar	612	531
Billettsal: Rommen Scene	1 249	2 300
Billettsal: Direktestrøyming	908	0
Programsal	218	1 047
Sponsorinntekter	1 200	1 450
Gåver	957	775
Leigeinntekter	4 621	6 508
Andre inntekter	2 256	4 244
Sum egne inntekter	30 269	88 695



Note 2 – Tilskot	2020	2019
Statstilskot - tilskotsbrev 03.01.20 og 02.01.19	187 230	180 650
Ekstra statstilskot - brev 30.06.2020/16.03.2021	17 813	0
Oslo Kommune (Rommen scene)	0	250
Tilskot til fagopplæring	44	109
Totalt	205 087	181 009

Note 3 – Kostnad v/arbeidskraft	2020	2019
Løn	125 765	136 133
Arbeidsgjevaravgift	18 732	22 262
Honorar	12 357	14 585
Pensjonskostnader, innskotspensjon og usikra ordning	11 018	10 469
Sum	167 872	183 449

Godtgjersle til ledande tilsette:

Teatersjef:

Løn	1 347
Pensjonskostnader	168
Annan godtgjersle	6

Styret: 303

Teatersjefen er tilsett på åremål. Teatersjefen tener opp to månaders etterløn for kvart år han er tilsett, avgrensa oppetter til eitt år.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiari, styreleiar eller andre nærstående partar.

Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.

	2020	2019
Garantiansvar for tilsette	0	0



Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret, 235 fast tilsette. Av dette var 36 deltidsstillinger. Dette utgjør 212,9 årsverk.

Note 4 – Andre driftskostnader	2020	2019
Kostnader v/lokale	5 800	7 880
Reparasjon og vedlikehold	5 740	8 941
Marknads-/info.-kostnader	5 074	8 131
Forfatterhonorar	4 459	11 548
Andre driftskostnader	15 833	21 932
Sum	36 906	58 432

Revisor	2020	2019
Revisjonshonorar, inkl. mva.	261	281
Bistand revisor, inkl. mva.	27	51
Sum	288	332

Note 5 – Teaterhuset/tomteverdi	2020	2019
Teaterhuset (der utleigedelen inngår)		
Gnr./bnr. 0301-209/169		
Kostpris ved fusjon 1986	487 302	487 302
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.	42 094	41 021
Bokført verdi pr. 31.12.	20 583	21 656
Avskrivningar dette året	1 073	1 073

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var då balanseført med kr 478 295 000 og tomte med kr 9 007 223. Av teaterhuset var det kr 51 858 216 som høyrde til den delen som er leigd ut til NO-KO Utvikling AS. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr 424 625 000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999, og bygget vart da nedskrive med verdien på lånet.



Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

	2020	2019
Del til eiga disponering	1 607	1 643
Del utleige	9 968	11 005
Sum	11 575	12 648

Note 6A – Varige driftsmiddel	2020	2019
Teknisk utstyr, inventar		
Innkjøpskost pr. 01.01.	181 948	158 786
Tilgangar	6 365	23 162
Avgangar	0	0
Innkjøpskost 31.12.	188 313	181 948
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	111 589	93 850
Balansført verdi pr. 31.12.	76 724	88 098
Avskrivningar i år	17 739	15 985

Det blir nytta lineære avskrivningar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

Transportmiddel, inventar og maskinar	05/10 år
Datautstyr	03/05 år
Teknisk utstyr	10/15 år
Kontorutstyr	03/05 år
Andre driftsmiddel	03/05 år

Note 6B – Leigefinansiering	2020	2019
Teknisk utstyr, inventar		
Innkjøpskost pr. 01.01.	5 478	5 478
Tilgangar	0	0
Avgangar	0	0
Innkjøpskost 31.12.	5 478	5 478
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	5 478	5 203
Balansført verdi 31.12.	0	275
Avskrivningar i år	275	1 170
Avskrivningar i år totalt	18 014	17 155



Leigeperioden er 5 år.

	Nominelt	Noverdi
Estimerte leigebetalinger:	beløp	
Forfallsdag i løpet av eitt år	0	275
Forfallsdag i løpet av to til fem år	0	0
Sum resterande estimerte leigebetalinger	0	275

Om det eksisterer rett til forlengd leigetid eller kjøp av dei leigefinansierte eigedelane:

Etter at leigeperioden/minimumsperioden er følgende alternativ tilgjengelege:

- 1) Når leigeperioden er gått ut, kan teateret fortsetje å leige. Leiga vil da bli redusert til ein månads leige pr. år.
- 2) Seie opp avtalen med 3 månaders varsel.
- 3) Kjøpe utstyret.

Note 6C – Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel:	2020	2019
Den Norske Opera og Ballett, og Airsped AS - lager.	369	250
Kontormaskiner	749	473

Note 7A – Lutmidel og informasjon om luteigarane

	Luter	Pålydande	Bokført
Luter (ikkje registrerte i VPS)	12 272	400	4 909

LL Det Norske Teatret har 4 713 luteigarar pr. 31.12.20. Alle lutene gjev same rett i selskapet.

Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.2020	Sum	Eigardel
BUL Oslo	1 353	11,03 %
Haugesund mållag og ungdomslag	481	3,92 %
Venner av Det Norske Teatret	200	1,63 %
Mållaget i Kristiansand	166	1,35 %
Gjensidige Skade	130	1,06 %
Sum	2 330	18,99 %
Andre (eigardel < 1 %)	9 942	81,01 %
Totalt	12 272	100,00 %



Oversikt over luter til styremedlemmer, teatersjef og direktør, inkludert ektefellar og barn.
Dei eig til saman 4 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Erik Ulfsby, Nina Refseth, Steinulf Tungesvik og Paul Ottar Haga.

Note 7B – Lån til Staten

Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teateret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er dette beløpet klassifisert som annan innskoten eigenkapital. I 2020 er det motteke renter på tkr. 457.

Note 8 – Eigenkapital	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital	
	Lutmidel	Annan innskoten EK	Annan EK	Sum
Balanse i årsrekneskapen pr. 31.12.2019	4 909	6 335	13 930	25 174
Underskot 2020			-4 422	-4 422
Balanse pr. 31.12.2020	4 909	6 335	9 509	20 752

Note 9 – Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Bereking av utsett skattefordel	2020	2019
Førebelse skilnader		
Bygning	-7 071	-6 705
Netto midlertidige skilnader	-7 071	-6 705
Grunnlag for utsett skattefordel	-7 071	-6 705
22 % utsett skattefordel	-1 555	-1 475
Utsett skattefordel i balansen (22%)	-1 555	-1 475



Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt.

Resultat før skattekostnad inkludert pensjon	-3 992	19 057
Resultat frå teaterverksemd	5 943	-17 290
Grunnlag for skattekostnaden i året	1 951	1 767
Endring i mellombelse resultatforskjellar	365	315
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	2 316	2 082
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)	2 316	2 082
Fordeling av skattekostnaden		
Betalbar skatt på resultat for året	509	458
Endring i utsett skatt	-80	-69
Skattekostnad	429	389
Avstemming av skattekostnaden i år		
Resultat frå skattepliktig verksemd	1 951	1 767
Berekna skatt 22 %	429	389
Skattekostnad i resultatrekneskapen	429	389
Differanse	0	0
Differansen, fordelt:		
Endring i utsett skatt/skattefordel som følgje av endra skattesats	0	0
Sum forklart differanse	0	0
Betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt i skattekostnaden	509	458
Betalbar skatt i balansen	509	458

Note 10 – Pensjonar

Teateret pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter lova.

Sikra pensjonsplikter:

Teateret har ei ytingsbasert ordning som er stengd for fleire innmeldingar og opptening av lønnsjustering og rettar frå 01.07.2016, og ei innskotsordning som omfattar alle tilsette for perioden etter denne dato.

Den ytingsbaserte ordninga gir rett til opptent del av definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av full opptening, lønnsnivå pr. 30.06.2016 og størrelse på ytingane frå Folketrygda.



Periodevis arbeidsgjevaravgift	374	376
Netto usikre pensjonsplikter	2 593	2 685

Sikra pensjonsplikter (kollektiv ytingspensjon):		
Pensjonsplikter (brutto)	267 683	259 528
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	-238 488	-235 792
Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift	29 194	23 736
Arbeidsgjevaravgift av premiefondsmidlar	4 116	3 346
Estimatendringar	0	0
Netto sikra pensjonsplikter	33 311	27 082
Netto pensjonsplikter i balansen	35 904	29 767

Økonomiske føresetnader:	2020	2019
Avkastning på pensjonsmidlar	3,10 %	3,80 %
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %
Årleg lønnsvekst	2,25 %	2,25 %
Årleg G-regulering	2,00 %	2,00 %
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	1,24 %	1,24 %
Arbeidsgjevaravgift sats	14,10 %	14,10 %
Prosentvis samansetjing av pensjonsmidlar:	31.12.20	31.12.19
Aksjar	23,8 %	25,4 %
Omløpsobligasjonar	16,9 %	15,0 %
Pengemarknad	4,3 %	5,3 %
Anleggsobligasjonar	28,8 %	28,9 %
Utlån og fordringar	13,0 %	12,5 %
Eigedom og anna	13,2 %	12,9 %

Note 11 – Pantstillelser og garantiansvar

Det Norske Teatret hadde pr. 31.12.2020 pantegjeldslån på 13,1 mill. kr i DNB Bank ASA. Teateret har ein kredittramme på 40 mill. kr. Som trygd for pantegjeld i DNB Bank ASA 13,1 mill. kr er det tinglyst pantobligasjonar i teaterhuset på 40 mill. kr. Pantegjeld i Nordea Bank Norge ASA er nedkvittert til 4



Pensjonsavtalen vart ved stenging også overført frå DnB Livsforsikring ASA til KLP. Nedskrivning av eigenkapitalinnskott i KLP på tkr 5.050 er tilbakeført i 2020 da pensjonsavtalen vil bli overført til Storebrand 1.1.2021 og eigenkapitalinnskottet i KLP vil bli betalt tilbake.

Resultatavvik og planendingar i 2019 skuldast endringar i offentleg pensjon, mellom anna ny samordningsreglar og at parametrene (diskonteringsrente og G-regulering) som styrer forpliktingane netto endra seg i positiv retning.

Teateret vedtok i 2016 å endre rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon ved å gå bort frå den såkalla korridormodellen til å føre alle endringar av estimat direkte over resultat.

Pr. 01.07.2016 etablerte teateret ei innskotsbasert pensjonsordning via Sparebank 1 Forsikring AS. Frå og med 2004 er tilleggspensjonar til teatersjefar/direktørar samordna med kollektivordninga gjennom ein avtale om kollektiv livrente.

Det er totalt 666 i den lukka ordninga, av dei er 521 utmelde med rettar.

Usikre pensjonsplikter:

Selskapet har også ein avtalefestet førtidspensjonsordning (AFP). Denne er å anse som en ytelsesbasert flerforetaksordning, men regnskapsføres som en innskuddsordning frem til det foreligger pålitelig og tilstrekkelig informasjon slik at selskapet kan regnskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforpliktelse og pensjonsmidler i ordningen. Selskapets forpliktelser er dermed ikke balanseført som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvepensjon til teatersjefar og enkelte tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredde i kraft.

Resultatrekneskapen	2020	2019
Pensjonsopptening i året	42	80
Rentekostnader av pensjonsplikter	6 578	7 688
Brutto pensjonskostnad	6 620	7 768
Avkastning på pensjonsmidlar	-8 898	-9 845
Resultatavvik og planendingar	14 806	-15 335
Arbeidsgjevaravgift	-355	-293
Resultatført pensjonskostnad før tilskott frå tilsette*	12 173	-17 705
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	-6 036	-9 965
Endring av netto pensjonsplikter i balansen	6 137	-27 670
*Herav årets pensjonskostnad KLP lukka ordning	11 328	-19 025
Reversert nedskrivning av eigenkapitalinnskott i KLP (som blir tilbakebetalt i 2021)	-5 050	0
Pensjonskostnad KLP lukka ordning i resultatregnskapet	6 278	-19 025
Balansepostar		
Usikre pensjonsplikter:		
Pensjonsplikter (brutto)	2 653	2 669
Estimatendringar	-434	-360

mill. kr. Vidare har staten og Oslo kommune saman tinglyst ein pantobligasjon på 857 mill. kr til trygd for tilskotet i teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke (staten 591 mill. kr og Oslo kommune 266 mill. kr). Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i L/L Det Norske Teatret.

Note 12 – Aktiverte framsyningskostnader

Kostnader knytte til framsyningar med premiere etter årsslutt er aktiverte. Aktiveringa gjeld variable kostnader ut over fast løn.

2020 2019

Note 13 – Varelager

Varelager pr. 31.12.

1 865 1 964

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2019 og 2020.

Note 14 – Bundne bankinnskot

Bundne bankinnskot pr 31.12 er 5,8 mill. kr, og består av skattetrekksmidlar.

Note 15 – Hendingar etter balansedatoen

Etter å ha kunna spelt teater for eit visst publikum frå august av, gjennomførte byrådet i Oslo ei sosial nedstenging frå 10. november for å slå ned ei andre smittebølge. Sidan den dagen har det vore forbode å ha publikum på teater og andre kulturarrangement. Medan smittetala midt i februar såg ut til å gå ned til eit nivå som ga håp om oppheving av forbodet, har situasjonen forverra seg drastisk. I det denne årsmeldinga blir vedtatt i styret i slutten av mars 2021, kjempar Oslo for å få kontroll over ei tredje bølge med smittespreiing, no med den meir smittsame B.1.17-varianten av koronaviruset som drivar. Publikumsforbodet har no vart i 133 samanhengande dagar. Situasjonen er svart alvorleg. Styret er likevel ikkje uroleg for at Det Norske Teatret ikkje skal greie seg gjennom pandemien. Omfattande vaksinerings vil etter kvart føre til at teateret kan opne igjen, sjølv om vi ikkje veit når no. Det er sidan våren 2020 etablert gode kriseordningar for kulturinstitusjonane. For første halvår 2021 har teateret ei ekstra løyving på 21,5 millionar kroner i statleg støtte, som saman med kostnadskutt reduserer dei økonomiske konsekvensane av publikumsforbodet. Styret legg til grunn at liknande ordningar vil gjelde så lenge det blir lagt omfattande restriksjonar på at teateret sjølv kan skaffe seg inntekt gjennom billettsal. Hovudfinansieringa (om lag 2/3) til teateret vil framleis vere offentleg støtte frå kulturdepartementet. Denne er ikkje trua og med kvartalsvise utbetalingar bidrar denne og til jamnare likviditet. Styret og administrasjonen vil vurdere situasjonen og behovet for tiltak utover året, tilpassa utviklinga.



KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

(tal i NOK 1000)

	2020	2019
Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	-3 992	19 057
Ordinære avskrivningar	19 087	18 229
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	6 137	-27 670
Endring varelager	99	-234
Endring forskot kundar	-7 151	-17 908
Endring i leverandørgjeld	2 259	-2 235
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-7 097	6 872
Betalt skatt i perioden	-458	-353
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	8 883	-4 243
Kontantstrømar frå investeringsaktivitetar		
Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel	-6 365	-23 162
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-6 365	-23 162
Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar		
Kassekreditt	-1 485	30 082
Endring langsiktig gjeld	-1 775	-13 170
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-3 260	16 912
Netto endring i kontantar	-741	-10 493
Kontantbeholdning 01.01.	6 617	17 110
Kontantbeholdning 31.12.	5 876	6 617
Spesifikasjon av kontantbeholdning ved periodeslutt		
Bankinnskot bunde for skattetrekk	5 861	6 601
Bankinnskot, kontantar	15	15